

MJELSTAD OG STOKKE RØRLEGGERFORRETNING
AS

5282 LONEVÅG

Dato	16.01.2023
Vår referanse	2023/354-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Mathias Vallestad
E-post	Mathias.Vallestad@vlfk.no
Telefon	

Svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense - fv 5428 - gnr. 118 bnr. 17 - Osterøy kommune

Vi viser til brev av 30.12.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5428 for oppføring av avlauspumppestasjon i forbindelse med nye vann- og avlaupsleidningar til ein fritidsbustad. Tiltaket vil plasserast nærmast 11 meter frå vegmidten viss det ikkje er mogeleg å plassera anlegget på ønskeleg plassering som følgje av fjellvegg.

Vedtak

Med heimel i veglova §30 og §34 gjer vi dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5428 for å oppføra avlaupsanlegg på gnr. 118 bnr. 17 i Osterøy kommune.

Vilkår for dispensasjon

1. Tiltaket skal ikkje vera nærmare enn 15 meter frå vegmidte.
2. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsten til eigendommen, må det framleis vera opparbeida tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigendommen for å unngå rygging på offentlig veg. Siktkrav til eigendommen sin avkøyrslø må følgast.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skader og ulemper som følgje av at innretninga ligger nær fylkesveg 5428.
5. Arbeidet må vera starta opp innan 3 – tre – år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje faller dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensa skal ta vare på trafiksikkerheita, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ein eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigendommene langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årstdøgntrafikken (ÅDT) er 350. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 1 jf. Rammeplan for avkøyrslø og byggegrenser (2021-2024). Dette inneber at vi i ikkje bør legge til grunn ein byggegrense på mindre enn 15 meter når vi behandlar enkelt saker.

Det er søkt om å plassere tiltaket med en avstand på 11 meter frå vegmidte. Ved ein utbetring av vegen vil det vere særleg uheldig viss tiltaket skulle vore til hinder for utbygging. Vi gir av den grunn dispensasjon frå byggegrense på 50 meter, og gir løyve til å utføre tiltaket minst 15 meter frå vegmidte.

Rett til å klage

Du kan klage på vedtaket, jf. forvaltningsloven [§ 28](#). Informasjon om å klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre uker fra vedtaket ble mottatt. Klageinstansen er «Klagenemnda for Vestland fylkeskommune». Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt videre til klageinstansen.

Du har rett til å gjøre deg kjent med dokumentene i saken, jf. forvaltningsloven [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen

fagkoordinator

INV - Forvaltning Bergensområdet

Mathias Vallestad

spesialkonsulent

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift